



Thor Dagfinn Iden
Sølvberget 40
5038 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/17185 - 20/69552

Saksbehandlar:
Are Frøysland Grande
are.froysland.grande@alver.kommune.
no

Dato:
02.11.2020

Avvist søknad om riving av eksisterande naust og oppføring av nytt naust - gbnr 60/7 Langenes

Administrativt vedtak.

Tiltakshavar:

Ansvarleg søkjar:

Søknadstype:

Saknr: 1172/20

Thor Dagfinn Iden

Søknad om igangsetting av tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl) §§ 20-1 og 20-3, jf. § 21-2, 5. ledd.

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 21-2 jf. byggesaksforskrifta § 5-4 vert søknad om riving av eksisterande naust, bygging av nytt naust og tilbygg til eksisterande kaianlegg avvist. Når søknaden er avvist vert byggesaka avslutta.

Dersom du søkjer på nytt må du leggja ved fullstendig søknad i tråd med regelverket sine krav til dokumentasjon.

Tiltak

Det vert vist til søknad motteken 20.11.2020.

Saka gjeld søknad om riving av eksisterande naust, bygging av nytt naust med brattare takvinkel og utviding av eksisterande kaianlegg.

Planstatus

Eigedommen er avsett til LNF-spreidd fritidsbustad (LSF) i «Kommuneplan for Lindås 2019 – 2031». Eigedommen er også omfatta av omsynssone H570 omsyn kulturmiljø og kulturminne som ein del av Den indre farleia.

VURDERING:

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Dette gjeld mellom anna følgjande tilhøve:

- For riving og oppføring av naust er det naudsynt med dispensasjon frå plan- og bygningslova § 1-8 om forbod mot tiltak langs sjø. Tiltaket må også vurderast i høve til omsynssone H570 som omfattar Den indre farleia. Søknad om dispensasjon må nabovarslast.
- For oppføring av naust er det naudsynt med dispensasjon frå gjeldande kommunedelplan. I gjeldande kommunedelplan er det ikkje opna for bygging av naust i område avsett til LNF-spreidd fritidsbustad (LSF). Søknad om dispensasjon må nabovarslast.
- I søknaden er det opplyst at tiltaket ikkje skal plasserast innanfor område med flaumfare. I gjeldande kommunedelplan under punkt «2.6.3 Omsyn til havnivåstigning og stormflo» står det at bygning som ikkje er sikra mot flo skal som hovudregel plasserast 2,5 meter over 0-vasstand. Basert på tilgjengeleg kartinformasjon ligg eksisterande naust på 1 moh. Vi minner om krava i TEK17 § 7-2 tredje ledd.
- Det går ikkje klart fram av innsendte teikningar om fråvik / endringar frå eksisterande og nytt naust.
- For tilbygg til eksisterande bryggje er det naudsynt med snitt- og planteikningar. Det er også naudsynt med dispensasjon frå plan- og bygningslova § 1-8 om forbod mot tiltak langs sjø. Tiltaket må også vurderast i høve til omsynssone H570 som omfattar Den indre farleia. Søknad om dispensasjon må nabovarsels.

Kommunen vurderer at søknaden ikkje er tilstrekkeleg opplyst til at vi kan ta han til handsaming.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av ny søknad.

Regelverk

Søknad om tiltak etter pbl må vere komplett før kommunen kan handsame den, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4, jf. pbl § 21-4.

Søknad om tiltak må vere tilstrekkeleg opplyst før kommunen kan handsame den, jf. SAK § 5-4, jf. pbl §§ 21-2, jf. 21-4.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Marianne Aadland Sandvik
Avdelingsleiar

Are Frøysland Grande
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Thor Dagfinn Iden
Thor Dagfinn Iden

Sølvberget 40
Sølvberget 40

5038 BERGEN
5038 BERGEN